

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 26.01.2017

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

### Vedtak

1. Fylkesutvalet meiner at framlegget til forskrift til arkiv er godt tilpassa den digitale arkivdanninga, og stiller seg bak forslaget.
2. Fylkesutvalet er positiv til forslaget om at arkivtenesta vart lagt til internkontroll for arkiv i organet og at det i større grad enn tidlegare opnast opp for at organet sjølv kan definere korleis arkivtenesta skal organiserast. Fylkesutvalet meiner at føresegna om internkontroll bør innehalde krav til kompetanse i arkivtenesta.
3. Fylkesutvalet meiner at det i framlegg til ny arkivforskrift bør under § 3 om internkontroll for arkiv fastsetjast at offentlege organ ved konkurranseutsetjing av offentlege oppgåver kan krevje at dei private aktørane følgjer regelverket for offentlege arkiv.
4. Fylkesutvalet stiller seg positiv til at det blir opna opp for å lagre arkivmateriale digitalt i utlandet. Men ein føresetnad for å tillate skytenester med lagring i utlandet er at norske lovverk og IKT-tekniske krav utarbeidd av Datatilsynet vert ivareteke. Slike avtaler er juridisk kompliserte og det er behov for spesifikk kompetanse på feltet. Ein føresetnad er difor at det frå sentralt hald, til dømes i Arkivverket, vert utarbeidd malar og rettleiarar på fagområdet.
5. Fylkesutvalet er skeptisk til å kassere arkivmateriale etter digitalisering slik regelverket i forslaget er utforma. Det er viktig at det blir stilt krav til at kontekstinformasjon blir dokumentert når arkiv skal digitaliserast. Fylkesutvalet meiner at ein må sikre at det digitaliserte materiale tåler teknologiskifte og å bli migrert til nye elektroniske system.